

INNTAKSREGLEMENT FOR HILDRE MONTESSORISKULE SA

Inntaksreglement

- Inntak av elevar til Hildre Montessoriskule skal skje i samsvar med inntaksreglar fastsett av styret, og dei til ein kvar tid gjeldande avgjerder i privatskulelova.

Elevinntak

- Skulen skal ha heile landet som inntaksområde. Skulen skal ta inn elevar i høve til skulen sin kapasitet. Ved kapasitetsproblem vil skulen prioritere inntak av elevar i denne rekkefølga:
 1. Born av tilsette
 2. Born frå bygda
 3. Born som skal til i første klasse
 4. Born som har sysken på skulen
 5. Born som tidlegare har vore elev ved ein Montessoriskule

Born med spesielle behov har same rett til plass i skulen som andre born. Dei har lik rett til hjelp av den pedagogiske-psykologiske tenesta i kommunen som born i offentleg skule.

Kunngjering om inntak av elevar

- Kunngjering om inntak av elevar blir gjort kvart år i desember månad for å sikre at informasjon om inntak for neste skuleår blir offentleggjort. Kunngjeringa skal gi naudsynnte opplysningar om søknadsfristar og ei kort utgreiing om dei kriteria som er omtala ovanfor i Inntaksreglementet. Søknadsfrist skal kvart år vere 15. januar, eller dersom dette er ein heilagdag, første kvardagen etterpå. Etter dette har skulen løpande inntak til og med 30. september. Det skal likevel gjerast unntak for gruppe 1 til 5 skildra i inntaksreglementet i perioden 1. oktober til 15. januar, så lenge det ikkje kjem i konflikt med avgrensingane i elevinntaket som er skildra i eige vedlegg.

Handsaming av søknadar og melding om inntak

- Skulen sin daglege leiar avgjer i samsvar med reglementet kva elevar som skal takast inn ved skulen. Søknadane skal handsamast og vedtak skal gjerast i samsvar med kapittel 5 og 6 i forvaltningslova. Det skal utarbeidast skriftleg innstilling om elevinntak. Melding om inntak skal gjevast innan 6 veker etter søknadsfristen er gått ut. Alle søkjarar skal ha skriftleg svar på søknaden sin. Melding om inntak av elevar skal også sendast til eleven si heimstadkommune. Det er høve til å klage på skulen sitt vedtak om inntak, jf. § 3-1, sjette ledd i privatskulelova. Avgjerd om inntak er enkeltvedtak jf. Forvaltningslova § 2. Ei klage skal sendast til skulen. Endeleg klageinstans er Fylkesmannen.

Prioritert venteliste

- Det skal kvart år leggjast fram ei prioritert venteliste som skal nyttast ved elevinntak dersom det skulle bli ledige skuleplassar. Skulen kan ikkje under nokon omstende ta inn fleire elevar enn skulen er godkjend for.

Endring av inntaksreglement

- Styret ved Hildre Montessoriskule kan endre dette inntaksreglementet innanfor skulen sine vedtekter, og dei til ein kvar tid gjeldande reglar i privatskulelova.

VEDLEGG: AVGRENSINGAR I ELEVINTAKET

I følge [Rundskriv Udir-5-2010](#) er to avgrensningar ved inntak aktuelle:

- Fastsatt maksimumsgrense lavere enn godkjent elevtall.
- Inntaksstopp på en gitt dato

«Skolen må også fastsette det maksimale antall elever skolen vil ta inn, og dette må gjøres i forkant av søknadsfristen. Det siste er spesielt viktig dersom skolen vil ta inn færre elever enn det skolen er godkjent for og har lokaler til. Det vil da fremgå klart av reglementet når inntaket skal anses som avsluttet.

Dersom skolen ønsker en bestemt fordeling (gruppestørrelse) på ulike årstrinn må dette fremgå av reglementet.»

I avsnittet «Søknads- og inntaksfrister» i kapittel 5 i [Rundskriv Udir-5-2010](#) blir det skrive at skulen har «anledning til å fastsette en stans i inntaket selv om kapasiteten ved skolen ikke er utnyttet». Følgjande presisering gjerast: «Dersom en slik frist ikke er fastsatt i inntaksreglementet, må nye elever tas inn så langt skolen har kapasitet, også elever som søker etter telledatoen 1. oktober.»

Når det gjeld inntaksstopp, har skulen høve til å fastsetje at enkelte grupper likevel skal kunne takast inn etter dato for inntaksstopp, jf. kapittel 5 [Rundskriv Udir-5-2010](#):

«De fastsatte fristene må i utgangspunktet være de samme for alle. Dersom det etter en endelig frist likevel ønskes mulighet for inntak av visse grupper elever, må dette og kriteriene for slikt inntak fremgå klart av inntaksreglementet. Kriteriene må være saklige, objektive og etterprøvbare. En skole kan for eksempel sette en siste frist for inntak 1. oktober, men unnta de gruppene som er prioritert i reglementet eller noen av disse gruppene fra fristen. For eksempel vil en skole kunne velge å ta inn barn av ansatte etter fristen dersom de er prioritert i inntaksreglementet og det klart fremgår av reglementet at de kan tas inn også etter siste frist for inntak.

For å ha forutsigbarhet og ryddighet i prosessen bør styret i god tid fastsette eventuelle frister som nevnt ovenfor.»

Styret i Hildre Montessoriskule har vedtatt følgjande avgrensingar i elevinntaket:

- Barnetrinnet har ei maksimumsgrense på 28 elevar. Det skal likevel gjerast unntak for gruppe 1 til 5 skildra i inntaksreglementet opp til 30 elevar.
- Mellomtrinnet har ei maksimumsgrense på 28 elevar. Det skal likevel gjerast unntak for gruppe 1 til 5 skildra i inntaksreglementet opp til 30 elevar.
- Ungdomstrinnet har ei maksimumsgrense på 38 elevar. Det skal likevel gjerast unntak for gruppe 1 til 5 skildra i inntaksreglementet opp til 40 elevar.
- Dagleg leiar og styret kan gjere vedtak om å endre maksimumsgrensene, dersom dette blir publisert før søknadsfristen for hovudinntaket.